


# Fortid & notid for framtid

Arkiv og kulturformidling

Fagleg årsmelding 2018  
IKA Møre og Romsdal





Digitalisering av teikningar av bygården kor IKA Møre og Romsdal IKS held til i Kirkegata 10b, Ålesund. Foto: Ottar Anderson SEDAK/IKAMR.



1.	Innleiing.....	5
2.	Føremål og ansvarsområde .....	5
3.	Organisasjon.....	5
3.1	Formelle organ .....	6
3.2	Tilsette.....	6
4.	Det faglege arbeidet til IKA Møre og Romsdal.....	7
4.1	Eldre og avslutta arkiv .....	7
4.2	Personregister .....	12
4.3	Elektroniske arkiv .....	12
4.4	Privatarkivarbeid.....	13
4.5	Prosjektarbeid i 2018.....	14
4.6	Kulturnett Møre og Romsdal .....	15
4.7	FylkesFOTOarkivet.....	16
4.8	Fylkessenter for digitalisering av kulturarven .....	18
4.9	Prosjekt Personvernombod .....	20
5.	Synfaringar, konferansar og anna .....	21
5.1	Synfaringar .....	21
5.2	Kontaktkonferansen 2018.....	22
5.3	Høyring.....	24
5.4	Open dag .....	24
5.5	Arkivdagen 2018.....	25
5.6	Deltaking på kurs/konferansar .....	27

## 1. INNLEIING

2018 har igjen vore eit aktivt år for IKAMR.

Vi har for eksempel:

- levert tenesta Personvernombod for 26 av eigarkommunane og fylkeskommunen
- utvida lokala til ordning og digitalisering av arkiv.
- tilsett ein ekstra el-arkivar
- tatt imot 521 hyllemeter arkivmateriale
- vore på 32 kommunebesøk/synfaringar
- arrangert kontaktkonferansen med svært gode tilbakemeldingar frå deltakarane
- inngått avtalar om ordning og digitalisering av arkiv for eigarane

## 2. FØREMÅL OG ANSVARSOMRÅDE

Selskapet vart formelt stifta på representantskapsmøte i Molde 28.06.2000. Alle kommunane i fylket og Møre og Romsdal fylkeskommune er med og eig selskapet. Selskapet har 37 eigarar.

Selskapet skal arbeide for at arkivmateriale frå medlemne eller slikt materiale som desse tek ansvar for, blir teke vare på og gjort tilgjengeleg for offentleg bruk, forskning og andre administrative og kulturelle føremål, i samsvar med arkivlova.

Selskapet skal i samråd med medlemne arbeide for å utvikle effektive og rasjonelle arkivtenester hos medlemne, m.a. ved å assistere ved utarbeiding av arkivplan og oppbygging av arkiv, stå for opplæring og rettleiing i arkivsystem og arkivrutinar, gje råd og ha tilsyn med arkivlokale, og utføre anna arkivarbeid for medlemne.

Selskapet utfører arbeid for den einskilde medlem som står i høve til medlemen sin del av driftstilskotet.

Selskapet kan etter nærare vedtak av styret prise visse tenester og slik ha egne inntekter. Dei tenestene som kan prisast skal i hovudsak vere slike som ikkje vil bli gjevne til alle medlemne, eller medlemne vil ha ulik etterspurnad etter, eller tenester som ligg utanfor hovudføremål til arkivet. Selskapet skal også kunne vere ein bidragsytar i problemstillingar knytt til private arkiv.

Til gjennomføring av spesielle prosjekt utanom dei ordinære arbeidsoppgåvene til arkivet, blir det søkt finansiering frå medlemar eller andre som spesielt ønsker prosjektet gjennomført.

Selskapet har høve til å ta på seg konsulentoppdrag for andre, når oppdragsgjevar betalar for tenestene og det ikkje går ut over hovudoppgåvene til arkivet.

Definisjonen av føremål og ansvarsområde er uttømmende. Styret og representantskapet har ikkje mynde til å fatte vedtak på område som ikkje er nemnt ovanfor.

## 3. ORGANISASJON

IKAMR har i 2018 arbeidd vidare med organisasjonsutvikling. Vi tilsette ein ekstra el-arkivar frå september 2018. Dei 2 personvernomboda var på plass frå mai av.

Vi la til rette for å endre organiseringa av privatarkivarbeidet slik at det frå nyttår 2019 er organisert som eit eige objekt i rekneskapet.

Vi gjorde følgjande bygningsmessige endringar i 2018:

- 2 nye kontor for arkivarar
- bygd 2 ekstra toalett
- bygd kontor for 2 personvernombod i dei nye lokala
- etablerer møterom/dugnadsrom og kjøkken i samband med nye lokale
- etablerer nye arbeidsplassar for FAK, Kulturnett og SEDAK + digitaliseringsareal for prosjekt
- samla ordningsarbeidet i området der SEDAK, Fylkesfotoarkivaren og Kulturnett hadde kontor

IKAMR har depot både i Kirkegata 10 og i Kirkegata 42 i Ålesund. Begge lokala er leigde, men det er investert i reol- og sikringssystem.

Drifta er i all hovudsak basert på inntekter frå eigarane, dvs. fylkeskommunen og kommunane og lagt opp i samsvar med denne. Møre og Romsdal fylkeskommune har ytt tilskot til privatarkivarbeidet og finansierer drifta av Kulturnett, SEDAK og FylkesFOTOarkivet. Årsresultatet av desse tre blir balansert mot bundne fond slik at IKAMR i seg sjølv verken blir belasta kostnader eller tar ut forteneste av desse.

Halsa kommune har meldt uttreden av selskapet frå 01.01.2020 grunna kommunesammenslåing med Hemne og Snillfjord i Trøndelag.

### Verneombod

Thea Helen Eriksen Rølsåsen vart valt til nytt verneombod med Åsta Vadset som vara.

## 3.1 Formelle organ

### Styret:

Styremedlemar	Personlege varamedlemar
Perry Ulvestad, Rauma kommune (leiar)	Marta Beinset, Molde kommune
Karl Kjetil Skusest, Kristiansund kommune (nestleiar)	Synnøve Avset, Eide kommune
Robert Løvik, Møre og Romsdal fylkeskommune	Nils-Gunnar Solli, Møre og Romsdal Fylkeskommune
Liv-Grete Orvik, Ålesund kommune	Eldar Øye, Ørsta kommune
Synnøve Hunnes, Sykkylven kommune	Evelyn Omenås, Stranda kommune

Styret hadde 4 møte i 2018 og behandla 47 saker.

### Representantskapsmøte:

Representantskapet er det øvste organet i selskapet og er samansett av ein representant for kvar av eigarane. Representantskapsmøtet 2018 vart halde på Vestnes 19.04.2018. 25 av eigarane var representert, som utgjorde 70,3 % av eigardelane.

Geir Stenseth er leiar av representantskapet og Kjell Danielsen er nestleiar. Årsmelding og rekneskap vart godkjende.

## 3.2 Tilsette

### Fast tilsette i selskapet var i 2018:

Geir Håvard Ellingseter - dagleg leiar  
 Torbjørn Aasen – el-arkivar  
 Tore Fadnes – el-arkivar (tilsett 27.08.2018)  
 Gunnar O. Morsund - arkivar  
 Vibeke Lunheim - arkivar  
 Guro Flø - arkivar  
 Åsta Vadset - arkivar  
 Ingunn Vestnes - arkivar (50 % stilling)  
 Kristian Hove - arkivmedarbeidar  
 Sølvi J. Knudsen – arkivmedarbeidar og administrasjon  
 Kari Olsen - arkivmedarbeidar (50 % stilling)  
 Zane Aboltina rådgjevar – digitalisering  
 Jan Aakvik - redaktør for Kulturnett Møre og Romsdal  
 Ragnar H. Albertsen - FylkesFOTOarkivar  
 Ottar André Breivik Anderson - leiar SEDAK/fotograf

#### **Prosjektilsette i prosjekt personvernombod**

Thea Helen Eriksen Rølsåsen – prosjektleiar  
 Henrik Gullaker – prosjektmedarbeidar

#### **Innleigde:**

Tom Erik Enger - digitalisering  
 Anette Valderhaug - digitalisering  
 Annelen Melsåsen- digitalisering  
 Håkon Wille – ordningsoppdrag/vikar  
 Torstein Skeid Olsen - ordningsoppdrag  
 Andri Jónsson - vikar

IKAMR har opplevd ein auke i etterspørsel frå eigarkommunane etter tenestene ordning av arkiv og digitalisering.

Sjukefråværet var i 2018 på 7,1 %. Sjukefråværet var fordelt på fleire personar. 6,6 % av sjukefråværet er sjukemeldingar og 0,5 % er eigenmeldingar. Selskapet har eit bevisst forhold til likestilling i tilsetjingssamanheng.

## **4. DET FAGLEGE ARBEIDET TIL IKA MØRE OG ROMSDAL**

### **4.1 Eldre og avslutta arkiv**

Arbeidet med historisk arkiv har i 2018 hovudsak bestått av attfinning av arkiv i depot, ordning og registrering og mottak av arkiv. I tillegg har det blitt arbeidd mykje med bestandsregistrering og innføring av lettare rutinar for betening, registrering og ordning av arkiv. Vidare er rettleiing i ordning og føring av avleveringslister arbeid som krev mykje ressursar. Ute i kommunane deltek vi på møte, held kurs og kartlegg arkivbestanden saman med tilsette i kommunen.

#### **Avleveringar**

IKAMR tok imot arkiv 35 gongar i 2018. Totalt 521,55 hyllemeter fordelt på 14 deponerarar. Til samanlikning tok vi imot 1085,66 hyllemeter med arkiv i 2017. Dette er ein nedgang som kan forklarast ved at Nav Ålesund og Ålesund tingrett avleverte nærare 500 hyllemeter i 2017.

Deponerar	Hyllemeter
Eide kommune	28,2

Fræna	2,44
Kristiansund kommune	218,42
Møre og Romsdal fylkeskommune	31
Nav Ålesund	47,5
Norddal kommune	3
Rauma kommune	63,02
Sandøy kommune	61,4
Sykkylven kommune	7,3
Vestnes kommune	30,4
Volda kommune	26,67
Privatarkiv	2,2
<b>Totalt</b>	<b>521,55</b>



Berit Flaten, Sykkylven kommune, og Åsta Vadset, IKAMR. Foto: Gunnar Morsund, IKAMR.

### **Erfaringar med avleveringsrutinane**

Det er nødvendig at dei kommunale arkiva er godt beskrivne, ordna og listeført når dei kjem til depot. Hjelpeheftet til IKAMR skal vere eit godt «A-Å» verktøy for kommunane slik at ein er meir sjølvhjelp. Ved å følge avleveringsrutinane i hjelpeheftet skal det i teorien vere nok med to-tre omgangar med kontakt til IKAMR for å få godkjent eit arkiv for avlevering. Rutinane blir heile tida forsøkt effektivisert slik at både IKA og kommunen skal bruke mindre tid på arbeidet.



Å rettleie i avleveringsrutinane ut mot kommunane er til tider svært tidkrevjande, og tar opp mykje av tida til rådgjevarane ved IKAMR. Sjølv om dei tilsette ved IKAMR reiser ut for å hjelpe og held kurs for dei som skal ordne, reinse, listeføre og etikettere arkiv kan vi ofte misforstå kvarandre. Dette kan i verste fall føre til at IKAMR får arkiv som ikkje lar seg forvalte på ein god måte. Vi må difor arbeide meir med å effektivisere og kvalitetssikre prosessen med mottak av papirarkiv framover.

### Asta- registrering og publisering

Primæroppgåva for IKAMR er å forvalte og finne att etterspurd dokumentasjon blant nærare 9000 hyllemeter med kommunale arkiv. Å registrere arkiv i Asta, slik at vi finn etterspurd dokumentasjon, er ei viktig arbeidsoppgåve ved IKAMR. Det er grunnleggande at vi har oversikt over alt arkivmaterialet vi oppbevarer for eigarane våre. Ein god arkivkatalog med nøyaktig bestandsregistrering knytt saman med kompetansen til dei tilsette vil vere avgjerande for om ein finn att dokumentasjon som blir etterspurd. Arkivkatalogen kan også vere til hjelp når ein skal avgjere kva for arkiv ein treng digitalt tilgjengeleg.

Tabell - Registrering og publisering:

	Mengde per 31.12.2018	Mengde per 31.12.2017	Tilvekst 01.01.2018-31.12.2018
Registrerte arkiv	3163	2900	263
Registrerte stykke	48700	43523	5177
Registrerte mappe	169 431	149 265	20 166
Publiserte arkiv	773	774	-1
Publiserte stykke	9163	9164	-1
Publiserte mapper	6604	6569	35

Det krev stor kompetanse å registrere arkiv i Asta. I tillegg er det svært ressurskrevjande. Det er viktig å gjere jobben så nøyaktig som mogleg både med tanke på å beskrive arkivskaparhistorikk og arkivhistorikk, registrere plassering av arkivstykkane og tilknytning av metadata slik at ein får treff ved søk samt gode statistikkar.

I 2018 har det blitt registrert 263 arkiv, 5177 arkivstykker og 20166 arkivmapper i den digitale arkivkatalogen. Dette er en oppgang frå året før. Talet er likevel ikkje heilt korrekt, sidan personregister ikkje blir registrert på mappenivå i Asta, men i eigne Excel-skjema.

Dessverre er det pr. dags dato ikkje alle arkiv har administrasjonshistorie, metadata eller som er plassert i depot. Dette gjeld spesielt arkiv som er registrert ute i kommunane, men importert i Asta av IKAMR. Ved manglande utfylling av metadata vil statistikkane frå Asta vere mangelfulle. Gjer elles oppmerksom på at alle personregister som kom inn før 2014 ikkje er registrert i Asta, men i eige skjema. Dette gjeld også for en del av det eldre materialet.

Alle arkiv som blir ordna og registrert i Asta blir ved slutføring publisert på arkivportalen.no etter kvalitetssjekk og restriksjonsvurdering. I 2018 har vi negative tall for publisering av arkiv. Dette skyldast fleire ting. Vi har fjernet nokre arkiv frå arkivportalen for å kvalitetssjekke og registrere inn fleire arkivstykker. I tillegg har vedkommande som publiserer arkiv på arkivportalen vore borte i svangerskapspermisjon delar av året.

I 2018 har ikkje IKAMR hatt kapasitet til å ordne nokon av arkiva frå før den førre store runda med kommunereform på 1960-talet.

### Bestand og bestandsregistrering

Totalt har vi 9542 hyllemeter med arkiv i våre magasin. Av dette er 6220 ordna og katalogisert. På grunn av manglande utfylling av metadata i arkivkatalogen Asta er ikkje 100% tala korrekt frå 2018.

	Hm, totalt per 31.12.2018	Hm, totalt per 31.12.2017	Hm, tilvekst 01.01.2018- 31.12.2018
Offentleg arkiv-bestand	9542	9023	519
Offentleg arkiv-bestand som er ordna og katalogisert	6220	5669	321
Privatarkiv-bestand	382	379	2
Privatarkiv-bestand som er ordna og katalogisert	230	230	0
Total bestand ordna og katalogisert	6220	5899	

## Depot

Arbeidet med å skaffe seg oversikt over arkivbestanden, beskrive arkiva og publisere bestanden på arkivportalen vil vere svært viktig fram mot kommunereforma.

I 2018 har vi starta på en depotreform. Fyrste del av depotreformen har fokusert på å flytte arkiv for at ein skal ha eit arbeidsmagasin knytt til den nye ordningsavdelinga. Her skal alle uordna arkiv inn for reingjering, ordning og registrering. Når arkivet er ferdig ordna og registrert flyttast arkivet til endeleg plassering.

Alle arkiv som kjem inn blir beskrive, bestandsregistrert og publisert på arkivportalen.no, men vi har eit etterslep frå tidlegare. Å få ei oversikt over kva arkiv IKAMR oppbevarer er essensielt for at vi skal finne den dokumentasjon som er etterspurd på ein effektiv måte.

I 2018 har klimatilhøve i magasinet blitt loggført. Desse loggføringane synar at vi må gjere tiltak i magasinane i 2019 for å få meir stabile klimatilhøve.

## Førespurnader

Auken i mengde arkiv hos IKAMR fører til større mengde førespurnader. Talet på førespurnader aukar frå år til år. Til saman er det registrert om lag 3800 journalpostar i 2018. Nesten 1900 av desse er inngåande. IKAMR tek imot flest førespurnader frå kommunane sjølve. Det gjeld innsyn i skulearkiv, fattigstyre, tannhelsearkiv, barnevernsarkiv, personalarkiv frå ulike einingar, formannskapsarkiv, kommunestyreakriv og tekniske arkiv.

Vi deler opp innsynsførespurnader i fire kategoriar: Avleveringslister, Innsyn historisk, Innsyn personregister og Arkivfaglege/administrative spørsmål. Innanfor desse tala er ikkje førespurnader til Sedak, Kulturnett eller Fylkesfotoarkivet tatt med.

Kommune	Avleveringslister	Innsyn historisk	Innsyn personregister	Arkivfaglege/ administrative spørsmål	Sum
Aukra	2	4	0	4	10
Aure	4	1	2	8	15
Averøy	1	2	2	1	6
Eide	6	1	9	0	16
Fræna	6	9	9	6	30
Giske	9	1	4	5	19
Gjemnes	0	1	0	0	1
Halsa	0	0	0	5	5
Haram	2	1	1	1	5
Hareid	0	5	6	1	12
Herøy	6	14	5	4	29
Kristiansund	18	10	9	5	42
Midsund	1	1	2	3	7
Molde	11	9	25	10	55
MRFK	8	3	87	8	106
Neset	1	1	1	5	8
Norddal	2	2	0	5	9
Rauma	3	2	1	4	10
Rindal	1	0	0	1	2
Sande	1	5	3	0	9
Sandøy	6	5	1	4	16
Skodje	61	4	4	11	80
Smøla	1	1	2	3	7
Stordal	0	1	0	3	4
Stranda	1	2	7	2	12
Sula	1	0	6	2	9
Sunndal	4	1	7	7	19
Surnadal	0	3	0	0	3
Sykkylven	5	4	8	2	19
Tingvoll	3	5	1	1	10
Ulstein	4	5	1	2	12
Vanylven	0	1	1	1	3
Vestnes	3	4	4	4	15
Volda	50	3	14	10	77
Ørskog	1	2	2	3	8
Ørsta	5	9	8	2	24
Ålesund	1	65	34	8	108
<b>Saker</b>	<b>228</b>	<b>187</b>	<b>266</b>	<b>141</b>	<b>822</b>

Det er også tydeleg at fleire er interessert i å finne ut om slekt, og fleire tek kontakt med oss for hjelp. Lesesalen er registrert nytta 85 gongar i 2018 mot 70 gongar i 2017. Dei aller fleste som kjem innom er frå Sunnmøre, men vi har brukarar frå heile fylket, og frå ulike delar av landet. Nokre av besøka krev mykje arbeid på førehand.

### Formidlingsverksemd

IKAMR stod for ein del større og mindre arrangement i 2018. Det vart arrangert Kontaktkonferanse, Arkivdag og Kjenn din egen by. Med bra besøkstal har IKAMR sett på desse arrangementa som

suksessfulle og populære blant kommunane og befolkninga. IKAMR har også vore ute hos kommunane og halde kurs og gitt råd i arkivfaglege spørsmål.

Sjå eige avsnitt om Arkivdagen.

Dei historiske arkiva vart belyst fleire gongar i Sunnmørsposten og andre lokalaviser i fylket. Det er tydeleg at historisk materiale er av interesse for media.

På IKAMR sine nettsider vart det produsert 25 artiklar i 2018.

## 4.2 Personregister

IKAMR hadde per desember 2018 totalt fått inn 2296 hyllemeter med personregister. 145 av desse hyllemeterane blei mottatt i 2018. Det vart tatt imot 82 hyllemeter mindre personregisterarkiv i 2018 enn i 2017. 44 av hyllemeterane er ordna av IKAMR på prosjektmidlar frå kommunane. Resten er ferdig ordna, listeført og etikettert ute i kommunane med rettleiing frå IKAMR.

Innsynet i materialet aukar frå år til år. På 2 år har førespurnadar auka med 33%:

År	Kor mange førespurnadar:
2016	200
2017	243
2018	266

Arbeidsmengda knytt til førespurnader varierer stort. Dokumentasjon av rettar krev til dømes at ein også må leite fram i arkiv som ikkje er av typen personregister. Saksbehandlingstida kan i slike tilfelle bli opp mot ei veke.

Det er brukt tid på innsyn, attfinning og mottak av personregister. I tillegg er rettleiing i ordning og føring av avleveringslister tidkrevjande. Det er betydeleg auke i talet på førespurnader vedkomande reglar, rutinar og lovverk i helse- og sosial-, skule- og barnehagesektoren. Denne type førespurnader kan vere alt frå innkjøp av lim til etikettar, kassasjon og bevaringsvurderingar, til journalføring i sak- og journalsystem. I tillegg kjem mange spørsmål vedkomande fagsystem, særleg i helse- og omsorg og skule.

Åsta Vadset har fram til 1. november 2018 vore leigd ut i 50% stilling til Møre og Romsdal fylkeskommune for å handtere framfinning og tilgjengeleggjering av arkivdokumentasjon for *Oppreisningsordninga for tidlegare barnevernsbarn i Møre og Romsdal* og *Oppreisningsordninga for barn og unge som etter 23. august 1960 var innlagt og behandla for tuberkulose*.

## 4.3 Elektroniske arkiv

Digitalt skapt arkivmateriale frå eigarkommunane skal på same måte som papirarkiv deponerast til IKAMR. Sikring og bevaring av elektroniske arkiv krev spesialkompetanse. Kommunearkiv-institusjonenes Digitale Ressurssenter (KDRS) med sine medlems-institusjonar (KAI) og el-arkiv fagmiljø har stor betydning for IKAMR sitt arbeid for bevaring og tilgjengeleggjering av digitalt skapt materiale. IKAMR nyttar depotforvaltningssystemet til KDRS for bevaring av deponerte elektroniske arkiv frå eigarkommunane, med satellittlagring i Mo i Rana og på Riksarkivet i Oslo.

IKAMR følger KDRS prosessar og rutinar for mottak, validering og bevaring av digitalt skapt materiale. KDRS produksjonslinje for bevaring og tilgjengeleggjering av elektroniske arkiv beskriv metodikk og praktisk gjennomføring for handsaming av dei ulike systema som skal bli bevart og formidla.

Resultat i 2018 for bevaring av elektroniske arkiv i IKAMR:

- a) IKAMR nyttar KDRS prosessar og rutinar for digitalt skapt materiale
- b) IKAMR nyttar KDRS produksjonslinje for bevaring av elektroniske system
  - I. Mottak og validering av Innleveringspakke frå eigarkommunane (arkivskapar)
  - II. Lage Arkivpakke frå Innleveringspakke
  - III. Bevare Arkivpakkar i KDRS sitt depotforvaltningssystem

Resultat i 2018 for bevaring av elektroniske arkiv for alle 37 kommunar/fylkeskommunen:

- a) Deponert 41 Innleveringspakkar frå eigarkommunane på 360 GB
- b) Den 31.12.2018 er det totalt deponert 760 GB til depot IKAMR
- c) Godkjent 15 deponerte Arkivpakkar AIP i 2018 av depot IKAMR (Noark 5-uttrekk)
- d) Aktiv samhandling med og rettleiing av arkivleiar og IKT-ressursar frå eigarkommunane, IKT regionane (IKT ORKidé, ROR-IKT, SSIKT og eKommune Sunnmøre) og leverandørar på prosessar, rutinar og produksjonslinje for bevaring og tilgjengeliggjering

Resultat for bevaring av elektronisk arkiv i IKAMR litt lågare enn planlagt for 2018. Årsaker var at KDRS og IKAMR produksjonslinje for bevaring av elektroniske system har forsinka oppstart og treng meir tid for planlagt kvalitet og kvantitet. Med 2 elarkivarar vil resultatet bli godt for 2019.

IKAMR deltok i nasjonale prosjekt for elektroniske arkiv:

- KDRS *Utforming av felles prosesser og rutiner for digitalt skapt materiale*
- KDRS *Produksjonslinje for bevaring og formidling av elektroniske arkiv fra kommunal sektor*
- MODARK – MODernisering av Arkivoverføringen (Arkivverket)

#### 4.4 Privatarkivarbeid

IKAMR er fylkeskoordinerende institusjon for privatarkiv i fylket. Dette er ein funksjon som fylkeskommunen har lagt til IKAMR. I tillegg til dette var 11 kommunar med i privatarkivordninga i 2018. Dette inneberer at kommunen får høve til å deponere bevaringsverdig arkiv frå nedlagde lag, organisasjonar og sentrale næringsverksemdar mot ein kontingent på kr. 1,54 per innbyggjar (2019).

Arkivverket (Riksarkivet) gav prosjekttilskot med kr. 150.000 til ordning og digitalisering av skipsbyggingshistoria til Voldnes Skipsverft. Prosjektet er planlagt ferdig i mai 2019.

I 2018 løyvde Arkivverket:

- kr. 300.000 til eit prosjekt om idrettsarkiv i Møre og Romsdal i samarbeid mellom IKAMR og idrettskretsen som fyller 100 år i 2019
- kr. 150.000 til ordning av UNIDOS og Norske Klippfiskeksportørers Landslag sitt arkiv som står hos IKAMR

Desse prosjekta skal gjennomførast i 2019.

I året har det vore satsa mindre på å samle inn private arkiv, men det er utført meir ordning og sanering av innkomne materiale samt registrering. LO i Møre og Romsdal har sjølve gjort eit godt arbeid i å grovordne arkiva til sine medlemslag som er avlevert her, og som arbeidarrørsla sjølv betalar leige for. Dette har gitt betre oversikt og redusert plassen som innlevert materiale tar opp.

Samarbeidet mellom IKAK, SEDAK, Stiftelsen Maritim Historie Nordmøre og Næringshistorisk Forening om å digitalisere skipsteikningar og fartøyhistorie i Kristiansund har halde fram. Næringshistorisk Forening har etablert heimeside og andre nettbaserte løysingar for å spreie informasjon om historia til det mangfaldige næringslivet i fylket.

Vi har tatt inn fleire arkiv frå lag og foreiningar, og det er spørsmål frå fleire. Vi vil ikkje kunne ta kostnadane ved å bevare arkiv for betalingsdyktige aktørar. I vårt fylke vil det vere ein fordel om til dømes dei politiske partia tar ansvar for sine arkiv og får dei deponert hos IKAMR.

Gunnar Morsund har halde nokre kurs om arkiv og søking etter dokumentasjon for lag og foreiningar. Han har også gjennomført synfaringar og gitt råd til ulike organisasjonar om arkivering.

Den nye privatarkivansvarlege, Åsta Vadset, ønskjer og har tatt initiativ til eit sterkare og meir formelt samarbeid og god arbeidsdeling mellom IKAMR og dei andre aktørane. Først og fremst regionmusea, men også lokale historielag og liknande som har viktige samlingar som kan sikrast, ordnast, registrerast og bli gjort tilgjengelege til bruk.

## 4.5 Prosjektarbeid i 2018

I samsvar med Selskapsavtalen §4 kan IKAMR ta på seg arbeid utanom arkivet sine ordinære arbeidsoppgåver. Desse prosjekta blir finansiert av oppdragsgjevar. I 2018 har IKAMR vore involvert i følgjande prosjekt:

Objekt-kode	For kven og kva	Status
2002	Sandøy – Ordning av arkiv + digitalisering av byggesaksarkiv	Påbegynt
2004	Averøy - Ordning	Avslutta
2008	Aukra kommune – Ordning sakarkiv	Avslutta
2013	Smøla - Personarkiv	Avslutta
2014	Ørsta - Digitalisering byggesaksarkiv	Avslutta
2016	Fylkeskommunen - Oppreisningsordninga	Avslutta
2017	Møre og Romsdal fylkeskommune - folkemusikkarkivet	Påbegynt
2019	Herøy - Barnevern- og sosialarkiv	Påbegynt
2020	Fylkesbiblioteket - ordning arkivmateriale	Avslutta
2021	Fylkeskommunen - Digitalisering kulturavd. KULTV	Avslutta
2023	Averøy - prosjekt 2 - ordning	Påbegynt
2024	Fylkeskommunen - Digitalisering av arkivdel 652/652 T07	Signert
2026	Vestnes – Digitalisering av byggesakarkiv	Påbegynt
2027	Skodje – Digitalisering av byggesakarkiv	Signert
2028	Rauma kommune – digitalisering av byggesak	Påbegynt
2029	Ålesund kommune – NAV	Avslutta
2030	Surnadal vgs – ordning av arkiv	Avslutta
2031	Vestnes kommune – sak og skulearkiv	Signert
2033	Utviklingsmidlar – protokollar	Påbegynt
2034	Utviklingsmidlar – Voldenes	Påbegynt
2037	Sandøy kommune – digitalisering av teknisk sakarkiv	Påbegynt
2038	Modark	Påbegynt
2039	Stordal sentralarkiv – ordning	Pakka ned
2040	Nordal – elverk	Signert
2041	Sunndal ordning av arkivmateriale	Signert
2042	Kristiansund ordning skolearkiv	Mottatt
2043	Sunndal videregående skole	Signert
2044	Stranda – ordning av arkiv	Signert
2045	Ørskog – digitalisering av byggesak	Signert
2046	Fylket – bokbåtarkiv	Signert
2047	Haram – digitalisering av byggesak	Signert
2048	Vanylven – digitalisering av byggesak	Signert

I 2018 vart det signert nye avtalar om ordning og digitaliseringsoppdrag med:

- Sandøy kommune – digitalisering av teknisk sakarkiv

- Stordal kommune – ordning av sentralarkiv
- Norddal kommune – ordning av elverkarkiv
- Sunndal kommune – ordning av arkiv
- Kristiansund kommune – ordning av skulearkiv
- Sunndal videregående skole – ordning av arkiv
- Stranda kommune – ordning av arkiv
- Ørskog kommune – digitalisering av byggesak
- Fylkeskommunen – ordning av bokbåtarkiv
- Haram kommune – digitalisering av byggesakarkiv
- Vanylven kommune – digitalisering av byggesakarkiv

Det vart avslutta prosjekta for desse i 2018:

- Averøy kommune
- Tingvoll kommune
- Smøla kommune
- Ørsta kommune
- Møre og Romsdal fylkeskommune
- Ålesund kommune NAV
- Surnadal videregående skole

## 4.6 Kulturnett Møre og Romsdal

2018 har vore et år kor ein har lagt inn mykje digitalisert materiale i ny kulturdatabase. Dette gjeld digitalisert materiale som ikkje har plass i eksisterande regionale og nasjonale kulturdatabasar. Dette var og hovudmålet i årsplanen.

### Kulturkalender

Kulturkalender låg høgt i 2018. Ein var oppe i 1326 komande arrangement i byrjinga av juni. Dette er svært gledeleg.

### Stadnamn

Kulturnett har i 2018 arbeida med digital kartfesting av namn frå Sykkylven og Ålesund kommune. Ein har og satt i gang digitalisering av kassetar med lydopptak av lydband. Ein har nytta fondspengar og leigd inn ekstrahjelp.

### Samarbeidspartnarar i fylke

Samarbeidspartnarane for Kulturnett er dei same.

Det er større institusjonar innanfor kulturfeltet som sende pressemeldingar og anna redaksjonelt stoff som vi nyttar som nyheiter på heimesida vår. Vi vil trekkje fram dei same som tidlegare i år Møre og Romsdal fylkeskommune, Jazzfestivalen, Ivar Aasen-tunet, Operaen i Kristiansund og Kunstsenteret i Møre og Romsdal.

### Forholdet til Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane

Kulturnett er nøgd med hjelp ein har fått med stadnamnbasen i Sogn og Fjordane. Det er gjort mye nytt arbeid for å sikre data for framtida.

### Måloppnåing frå årsplan 2018

- I 2018 har vi fylt db.ikamr.no med innhald
- Opplasting av skipsteikningar frå Storvik mekaniske i Kristiansund. Stiftelsen Maritim Historie Nordmøre.
- Opplasting av protokollar, kommunar/IKA.
- Berging av lydfile for stadnamnarkivet fortsette i 2018 og nye 12 000 lydfile er berga frå kassett.
- Flytting av kulturdata frå gamle SEDAK server til db.ikamr.no
- flytting av IKAMR og Kulturnett si heimeside til Amazon skyløysning pga. sikkerheit
- Ikkje fått ny layout på heimeside, men har fått kostnadsoverslag
- Vi rakk ikkje å begynne på stadnamna til Nesset kommune

- Vi fekk ikkje gjort tilpassingar for db.ikamr.no, men er i dialog med Documaster om 2.0. versjon

### Tillegg

- Ansvar for oppfølging av nye ordningslokale IKAMR og Digitaliseringsavdeling
- Ansvar for innkjøp av inventar og koordinering av arbeid
- Ansvar for prosjektet «Digitalisering og publisering av møtebøker»

### Økonomi

Kulturnett brukte mykje pengar frå det bundne fondet - kroner 218 000. Midlane gjekk til oppbygging av kulturdatabase og ekstrahjelp til å berge stadnamn på kassett. Ein ser at kostnadane på drift av nettstad og kulturdatabasar aukar kraftig.

### Aktivitet

- Besøk frå IKA Kongsberg – Digitalisering i praksis.
- Besøk frå Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Digitalisering og publisering.
- Besøk frå Nasjonalmuseet. Digitalisering i praksis.
- «Kjenn din egen by» 2018
- Besøk frå Arkivverket i forbindelse med ny plattform for Digitalarkivet. Digitalarkivet som nasjonal plattform
- Besøk frå Nasjonalbiblioteket i forbindelse med MøreRom
- Besøk frå Jugendstilsenteret
- Fleire møte i prosjekt MøreRom, Fylkesbiblioteket
- Fleire møter i prosjektet Digitalisering og integrasjon av fylkeskommunale arkiv, Kulturavdelinga.
- Deltatt i prosjektet Forskningsinfrastruktur for Stadnamn, Universitetet i Bergen.
- Møte med NYMedia i Trondheim om flytting av nettstad IKA og Kulturnett til Amazon.
- Presentasjon av IKA for Kontrollutvalget til Møre og Romsdal fylkeskommune
- Open dag - Arkivdagen 2018
- Besøk frå leiar av IKA Kongsberg
- Prosjekt – Koordinering av prosjekt idrettsarkiv

### Konferanse/samlingar

- IKA Kontaktkonferanse 29.-30. mai 2018.
- Mini Kai Kongsberg 11.-13. mai 2018
- Leiarsamling KAI miljø i Trondheim. Emne Totalarkiv.

## 4.7 FylkesFOTOarkivet

To store arkiv frå profesjonelle fotografar, eit viktig bygdefotografarkiv og fleire mindre fotosamlingar kom inn til FAK i 2018. Mottak og arbeid med desse var ikkje i årsplanen, men føyer seg inn i rekkja av ikkje finansierte og ikkje planlagde prosjekt som pregar arbeidet ved FAK. Salderingsposten vart arbeid med fylket si fotografhistorie.

FylkesFOTOarkivet (FAK) sitt dagleg hovudfokus har likevel vore stabilt retta mot databasararbeid, registrering og digitalisering. Tilvekst: 10.000 bilete i databasen. Digitalisering og registrering frå fotografarkiva er sterkt knytt opp til samarbeidet med vår sin største frivillige ressurs: «DIS-gjengen» (Digitalisering I Steffensengården!)

I alt vart ca. 9.000 negativ og bilete av ymse slag digitaliserte i 2018. Den store eksterne gruppa av brukarar, 260 unike, bidrog i 2018 med rekordmange 3000 brukarkommentarar til bileta i nettbasen. Ein person aleine bidrog med nesten 1000 av desse!

### Hovudoppgåver 2018

Digitalisering av fotografarkiv  
Samarbeid med frivillige  
Konsulent- og formidlingsarbeid.



**Fagleg arbeid, internt**

Databasearbeidet, tilrettelegging, registrering, kontroll og vedlikehald av data har vore ein hovudaktivitet ved FAK i 2018. Etter at «brukarmodulen» kom på plass i 2017 nærast eksploderte publikumsbidraga. Restansane, oppgradering av ny informasjon, har auka. Om lag 100.000 av dei 200.000 bileta i basen manglar framleis informasjon. Desse er i hovudsak knytt til fotografarkivar der vi berre har fotografen sitt namn og kven som har tinga bileta. Det har ikkje vore teknisk oppgraderingar av databasen.

**Fagleg arbeid, eksternt**Sogelag:

Vanylven sogelag: Prosjekt med digitalisering av 2400 krigs-legitimasjonskort

Vestnes sogelag: Digitalisering av arkivet etter fotograf Kristoffer Aas (vil halde fram.)

Ørskog Historielag og Stranda sogelag: Nyregistrering, digitalisering og oppgraderingar.

Kommunar:

Sunndal: Arbeid med Mulvikarkivet

Ørsta: Digitalisering av Vellearkivet vart ferdig i 2018

Sula: Digitalisering og registrering av Nerland-arkivet.

Gjemnes: Digitalisering av Midtbø-arkivet

Museum:

Samarbeidet med Nordmøre museum er trappa kraftig ned etter at museet i 2017 flytta databasen til «Digitalt museum».

Nasjonalt:

Det nasjonale nettverket for foto, prosjektarbeid med foto og etikk.

Andre:

Førespurnader held jamt fram. Bidrag med nye opplysningar til bilda og korrigering av gamle, ekstern hjelp til produksjon av namnekart mm er også ein del av det eksterne, men dugnadsbaserte faglege arbeidet. Det kom inn 3.000 brukarkommenatar til databasen i 2018!

**Formidling**

FAK sine bilete vert formidla gjennom databasen Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane.

Nedgang i tinging av fysiske bilete heldt fram i 2018. Publikum nyt godt av ein «sjølvbetening» og kopierer bilda frå nett og bruker dei digitalt privat, på egne lokalhistoriske heimesider eller på sosial media. FAK har medviten ikkje vore særleg synleg i media i 2018 og egne heimesider vart «lagt på is» ved årsskiftet grunna tekniske problem.

**Arkivdagen 2018 – «I nyhetens interesse»**

FAK Inga utstilling

**«DIS-gjengen»**

DIS-gjengen er nemnd innleiingsvis. Frå 5 til 9 personar har vore med i arbeidet på i alt 27 (28) dugnadskveldar i 2018. Omsett i "kveldsverk" à 3 timar er dugnadsinnsatsen rekna til om lag 654 (680) arbeidstimar. «Gjengen» har siste året arbeid mykje med registrering (databasearbeid) og fortsett med digitalisering av Vellearkivet (Ørsta), Oksavik-arkivet. Om lag 5.000 (7.000) negativ vart digitaliserte av DIS-gjengen i 2018.

FylkesFOTOarkivet i tal	2018	2017	Tilvekst 2018	Tilvekst 2017
Bilete i alt	767 000	537 000	230 000*	22 000
Bilete i nettbasen, internt søk	204 734	195 178	9 556**	10 000
Bilete i nettbasen, eksternt søk		189 000		
Brukarkommentarar	16470	13469		975
Arkiv/samlingar under FAK	1330	1315	15	34

\* Talet er det offisielt innrapporterte og justerte talet etter «nasjonal standard» der ein tek med alle eksemplar og variantar av eit bilete. Dette er bilete som FAK enten eig eller disponerer. 210.000 av auken i 2018 er fargefotonegativer frå perioden 1975-2010 etter ftg. Sissel Haug Strømmen

\*\* Faktisk fysisk tilvekst.

### Heimesider

FAK sine heimesider, [www.fylkesfoto.no](http://www.fylkesfoto.no), vart oppdaterte 11 <sup>(15)</sup> gongar med glimt frå arbeidet gjennom heile året. Brukstatistikken syner omlag 1.300.000 besøk/sidetreff av over 53.000 unike brukarar. Det er ein liten auke frå året før. Tal unike brukarar sto også jamt. Tal frå sjølvve fotodatabasen føreligg ikkje. Ved årsskiftet er FAK si heimeside inaktiv og vurdering for oppgradering.

### Magasinarbeid

Tilveksten og arbeidet i fotomagasinet har vore konsentrert om mottak av fotoarkivet etter fotograf Sissel Haug Strømmen. Omemballering frå PVC-kurvar til syrefrie pappesker har kosta om lag kr 25.000 i materiell og legg beslag på 40 hyllemeter i to heile reolar, i eit lite, men godt fylt magasin.

### Seminar – Møter – Reiser (Utvalde)

17.03.2018	Stryn: Foredrag i Nordfjord sogelag
08.04.2018	Stjørdal: NFF-landsmøte i Fotografforbundet
23.04.2018	Tromsø: Nettverksmøte,
30.05.2018	Molde: IKAs kontaktkonferanse
31.05.2018	Vanylven: Vanylven sogelag
13.09.2018	Smøla: Foredrag Smøla historielag
20.09.2018	Giske: Foredrag Giske Rotary
29.09.2018	Ålesund: Seniorgruppa Spjelkavik
03.11.2018	Ørskog: Foredrag Slektsforskerdagen, Kristoffer Aas
06.11.2018	Lillehammer: Nettverksmøte
07.11.2018	Lillehammer: Foredrag Landskonferansen, om fotograf Magne Mulvik
14.12.2018	Vanylven: Kurs i fotoregistrering, Vanylven sogelag

### Utstyr

Ut over media for datalagring og backup, vart det ikkje kjøpt inn nytt utstyr ved FAK i 2018. Innreiing er supplert i samband med flytting av kontorlokal frå Kirkegata til Prestegata.

## 4.8 Fylkessenter for digitalisering av kulturarven

Fylkessenter for digitalisering av kulturarven (SEDAK) vart fast etablert 01.01.2013. Finansiert med ei 100% stilling av Møre og Romsdal fylkeskommune. Organisatorisk knytt til IKA Møre og Romsdal, og lokalisert saman med IKA Møre og Romsdal, Kulturnett og FylkesFOTOarkivet.

### Hovudoppgåver

- Digitalisering
- Fagleg leiing i høve digitaliseringsoppdrag
- Vidareutvikling og kvalitetssikring av arbeidsmetodikk

### Satsingar i 2018

- Ferdigstilling av tidlegare tinga oppdrag
- Innspel til nasjonal publiseringsplattform for digitalisert arkivmateriale (NAPSA / Digitalarkivet)
- Planlegging og innflytting i nye lokale med samlokalisering av prosjekttilsette
- Regional ABM-samling (utsett og blir gjennomført våren 2019 saman med Fylkesbiblioteket)

### Oppdrag:

Folkemusikkarkivet – digitalisering og fileksport  
Jugendstilsenteret – digitalisering av Fürst-arkivet  
Rindal kommune – kommunestyreprotokoll  
Sunnmøre Historielag – digital kopi av digitalisert artikkel til årbok for Sunnmøre 2018

Møre og Romsdal fylkeskommune – digitalisering og fileksport av 652 kulturarkiv  
 Ålesund kommune – oppdrag både for avdeling rådhusdrift og byggesaksarkiv (ferdigstilling)  
 Ørsta kommune – digitalisering og filimport i system, Documaster (ferdigstilling)  
 Sandøy kommune – teknisk arkiv, digitalisering og filimport i system, Documaster  
 Rauma kommune – digitalisering og filimport i system, Documaster  
 Vestnes kommune – digitalisering og filimport i system, Documaster

### **Oppdrag internt**

Underteikna har vore involvert i følgande prosjekt internt for IKA Møre og Romsdal:  
 Prosjektmidlar frå Arkivverket for digitalisering av skipsarkiv Voldnes og kommunestyreprotokoller.  
 Opplæring av prosjekttilsett for arbeidet med kommunestyreprotokollane.  
 Open dag ved Arkivdagen 2018 og «Kjenn din egen by»  
 Deltaking i prosessen av prosjekttilsette for personvernordninga gjennom vervet som fungerande tillitsvalt, deltaking under intervju  
 Lønnsforhandlingar for fagorganiserte medlemmer i Forskerforbundet (FF) ved IKAMR gjennom vervet som fungerande leiar for FF ved IKAMR  
 Fotografering av nye tilsette i studio og reportasjefotografering ved synfaringar og spesielle hendingar  
 Mini-Kai konferanse i Kongsberg og Kontaktkonferansen i Molde

### **Kompetanseheving**

ASTA basis og arkivfagleg introduksjonskurs, Stiftinga ASTA, Oslo  
 Phase One Certified Professional (POCP) kurs, Studio Import, Oslo  
 Kurs i standardisering «komitearbeid», Standard Norge, Oslo  
 Masterclass kalibrering, Profildata, Oslo  
 Opphavsrett, Sunnmøre Kulturnæringshage, Volda  
 Online webinar Phase One, Capture One  
 Online webinar Lyrasis, FADGI webinar serie  
 Forskerforbundet, kurs i adm. lokallagsarbeid og presentasjonsteknikk (i høve arbeidet som fungerande leiar for FF ved IKAMR i 2018)

### **Deltaking på konferansar og studiebesøk**

Arkivarforeningen vårseminar, Oslo  
 Forskerforbundet ABM-sektorseminar, Mo i Rana  
 Forskerforbundet, arbeidsseminar for lokallag i KAI-sektoren, Trondheim (faglig innlegg)  
 Forskerforbundet, representantskapsmøte, Gardermoen  
 «Fotografens dag», Studio Import, Oslo  
 Institusjonsfotografenes forening (IFF), Oslo (faglig innlegg)  
 «The Big Picture», Profildata, Oslo (faglig innlegg)  
 Nasjonalbiblioteket, «Frå skjøre trykk til hard skjerm», fagseminar, Oslo  
 Nasjonalbiblioteket, digital bibliotekutvikling, Objektdigitalisering, Mo i Rana (faglig besøk)  
 Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design, fotoseksjon, Oslo (faglig besøk)  
 Association for Historical and Fine Art Photography (AHFAP) konferanse, London (fleire faglige besøk)

### **Faglige besøk til SEDAK**

IKA Kongsberg  
 Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane  
 IKA Trøndelag  
 Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design  
 Arkivverket, Avdeling Innovasjon, Arkiv og IT-utvikling i høve arbeidet med NAPSA / Digitalarkivet

### **Ressursar**

Det har vore tilknytt fleire prosjekttilsette i arbeidet med digitaliseringa av byggesaksarkiva til kommunane. Det er satt opp ein ny digitaliseringsstasjon (skanner nr 4) for digitalisering av byggesaksarkiv samt ein digitaliseringsstasjon (kamera nr 3) for digitalisering av store format iløpet av 2018.

## 4.9 Prosjekt Personvernombod

### Aktivitetar

Gjennom året har omboda konsentrert seg om kompetanseheving, møter med kommunane, opplæring og nettverksbygging.

### Oppstart

Noko av det fyrste som blei gjort etter oppstart var å be om ein kontaktperson i kvar kommune. Det tok lang tid å få alle på plass, men det finnes no eit fast kontaktpunkt i kvar kommune som deltar i ordninga. Kontaktpersonen har ansvar for å vidareføre førespurnader frå kommunen til personvernomboda, og elles stå for kommunikasjonen med ombodet, både med tanke på rådgjeving og kontroll.

Omboda har delteke på møter med dei aller fleste kommunane i prosjektet i løpet av 2018, både enkeltvis og gjennom dei ulike IKT-sammenslutningane. Formålet med møta har hovudsakleg vore å informere om dei nye personvernreglane, men også for å diskutere problemstillingar og svare på spørsmål som kommunane har hatt. Det har kome svært gode tilbakemeldingar etter disse møta, som tyder på at kommunane har godt utbytte av dei.

Det har vore viktig for omboda å besøke så mange av kommunane som mogleg, eventuelt treffe tilsette i kommunane som arbeidar med personvern. Det har vore viktig av fleire grunnar. For det første er det viktig å gi ordninga eit ansikt utetter og bli kjent med kommunane. Det har vist seg å vere avgjerande for at kommunen kommer med førespurnadar seinare. Dei av kommunane som ombodet har treft, har også tatt kontakt i større grad etterpå. Dette er eit vitnesbyrd om at personlege møter vil vere viktige også framover i arbeidet med prosjektet. For det andre har besøka/møta vore avgjerande for å få greie på kva som er gjort på personvernfeltet hos dei enkelte. Det står igjen framleis mykje arbeid med å få oversikt her. Årsaka til at det har vore vanskeleg å få overblikk er at mange av kommunane ikkje har fullstendig oversikt eller har gjort lite foreløpig for å skaffe seg det.

### Kompetanseheving

Frå begynninga har omboda prioritert å heve eiga kompetanse på personvernfeltet. Det har dei gjort ved å delta på ulike kurs og konferansar.

For å skaffe seg ei breiare kompetanse har omboda gjennomført kurs i Risk Management (ISO 27001). Bakgrunnen for dette var at kompetanse på dette feltet er etterspurt frå kommunane, samt at det vil vere til hjelp i det vidare arbeidet med informasjonstryggleik og personvern. Omboda har ellers delteke på ein rekke kurs og konferansar der personvern har vore tema, blant anna Kins-konferansen, Norm-konferansen og personvernkurs i regi av Datatilsynet og Kins.

I september blei det gjennomført ein fagdag i Molde, med ca 80 påmeldte frå kommunane. Programmet konsentrerte seg om behandlingsgrunnlag og protokollføring, noko det var etterspurt opplæring i. Datatilsynet deltok også og helde foredrag under fagdagen. Det kom svært gode tilbakemeldingar etter fagdagen, og det fremsto som ein god måte å gi informasjon og samle tilsette i kommunane som jobbar med personvern og informasjonstryggleik. På bakgrunn av tilbakemeldingar og førespurnader frå kommunane, vil det bli gjennomført to slike fagdagar i 2019, ein på våren og ein om hausten.

### Nettverksbygging

Omboda har delteke i eit nettverk for personvern, arrangert av JUC. Det første møtet vart arrangert 6. juni, og deltakarane kjem frå både offentleg og privat sektor. Føremålet med nettverket er å diskutere ulike problemstillingar knytte til personvern og utveksle erfaringar. Omboda har opplevd møta som fagleg relevante og ein god moglegheit til å skaffe seg kontaktar innen personvernfeltet.

I løpet av hausten blei Thea tilknytt eit nettverk for personvernombod i fylkeskommunane, der samtlege fylkeskommunar er representert. Hensikta er å kunne samordne arbeidet kvart ombud gjer internt i eiga fylkeskommune, samt diskutere felles problemstillingar. Nettverket treffast omtrent kvar andre månad.

## Rapportering

På slutten av året ble kommunane bedt om å fylle ut ein rapport til personvernomboda, der hensikta var å kartleggje korleis dei har arbeida med personvern i løpet av året. Det ble bedt om status på protokollar over handsaming av personopplysningar, personvernklæringer og styringsdokument. Vidare blei det stilt spørsmål om korleis kommunen hadde opplevd kontakten med omboda og om dei hadde tilbakemeldingar på organiseringa eller arbeidet som hadde blitt gjort. I tillegg ble det forespurt ei egenevaluering av personvernarbeidet internt. I tillegg til å kartleggje korleis kommunane lå an med tanke på dei obligatoriske krava i personvernforordninga, skal rapporten leggje grunnlaget for ein revisjon som skal gjennomførast med samtlege kommunar i løpet av 2019. Vi tenkar at det er fornuftig å ha to slike faste rapporteringstidpunkt i året.

Det er til dels store forskjellar på kor langt dei ulike kommunane har kome med arbeidet med forordninga, som gjer det utfordrande å lage ei generell plan for korleis omboda skal jobbe opp mot kommunane. Det vil vere nødvendig å lage individuelle planar for oppfølging, samt bruke meir tid på å få framgang i enkelte kommunar. Dette gjelder særleg mindre kommunar med mindre ressursar som sitt på mindre kompetanse lokalt.

## Vegen vidare

Innledningvis var ein bekymra for om prosjektets kapasitet ville bli satt på prøve. Basert på tilbakemeldingar frå kommunane virkar det som om alle opplever ombodas tilgjengelegheir og kompetanse som god.

Elles er det tydeleg at personvern er ein prioritet hos dei aller fleste deltakarane i ordninga, noko som er svært positivt både for deira eige utnytte av ordninga, men også for ei eventuell forlenging av prosjektperioden.

I 2019 vil omboda iverksette ein rekke kontrolltiltak, som nevnt over, og derfor gå meir over til kontrollrolla som omboda er pålagt i forordninga. Kommunane er positive til meir kontrollerande verksem, og vi ser frem til å kome i gang med dette arbeidet.

## 5. SYNFARINGAR, KONFERANSAR OG ANNA

### 5.1 Synfaringar

IKAMR har vore på synfaringar/kommunebesøk hos følgjande i 2018:

- Norddal kommune
- Giske kommune
- Nesset kommune
- Halså kommune
- Ørskog kommune
- NAV Sula
- NAV – Ålesund
- Midsund kommune
- Vanylven kommune
- Sunndal vgs
- Rauma kommune
- Haram kommune
- Sula kommune
- Aure kommune
- Møre og Romsdal fylkeskommune (kulturavdelinga)
- Volda kommune
- Ørsta kommune
- Kristiansund kommune
- Molde kommune
- Skodje kommune

- Sandøy kommune
- IKT Orkide

Det vart arrangert ei arkivplansamling i 2018.

Vi holdt ordningskurs for:

- Molde kommune
- Aure kommune
- Møre og Romsdal fylkeskommune

Her frå ordningskurs for dei videregående skulane i fylket:



Foto: Geir Håvard Ellingseter, IKAMR

## 5.2 Kontaktkonferansen 2018

Konferansen var på Hotell Alexandra, Molde 25.-26. mai. Det var 89 deltakarar frå 31 kommunar, fylkeskommunen og frå IKAMR pluss 9 foredragshaldarar. Dette er ein viktig arkivfagleg samlingsplass for dei tilsette i kommunane.


Tema var:

- Orientering om arbeidet ved IKA Møre og Romsdal ved Geir Håvard Ellingseter, IKAMR
- Arbeidet med bevarings- og kassasjonsplan v/Birte Young, Øygarden kommune
- eFormidling og elnnsyn - kva kan kommunane få ut av desse felleskomponentane? v/Olav Skarbø, Difi
- Kva er eit godt arkiv? Forbetringsarbeid i praksis v/Pétur Kristjánsson, Arkivverket
- Arkivplan.no - Viktigare enn nokon sinne! Utviklingsarbeidet og strategien vidare v/Ole Stian Hovland, Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane
- Dialogkafe
- Ny personvernlov ved Henrik Gullaker og Thea Helen Eriksen Rølsåsen, IKAMR
- Muggsopp og skadedyr - Hva vokser og spiser i mitt arkiv og hvorfor? v/Johan Mattsson, MycoTeam
- Innsyn i forvaltninga v/Siri Gedde-Dahl, leiar Offentlegheitsutvalget i Norsk Presseforbund
- Erfaringer med innføring av papirlause fagsystem v/ Ellen Forland, Vestnes kommune
- Spørjetime

Å arrangere ein slik konferanse er arbeidskrevjande. Det er derfor viktig å evaluere gjennomføringa av den. Deltakarane fekk evalueringsskjema til utfylling i etterkant. 9% vurderte totalinntrykket av konferansen til karakter 6, 65% til karakter 5, 22% til karakter 4:

## 18. Totalinntrykk

55 svar



Av positive tilbakemeldingar fekk vi for eksempel desse:

- Fint at konferansen er litt "uhøgtideleg"; gjer det lettare å spørre og lettare å ta kontakt
- Tankevekkende (om fagsystem)
- Aktuelle tema
- Faglig påfyll
- Deilig med et avbrekk fra hverdagen ;-)
- Bra program
- Ikke så høytidelig - rom for spørsmål
- Mulighet for erfaringsdeling
- Bredder i programmet
- Konferansen har funnet sin form og rolle
- Dele erfaringer med andre arkivarer
- Gode og aktuelle tema
- Mange interessante førelesingar.
- Programmet ble fulgt etter klokka
- God foredrag
- Bra å komme sammen og snakke løst om arkiv med andre
- Engasjerande
- Veldig nyttig treffsted
- Veldig aktuelle tema
- Veldig nyttig i forhold til å få knytte kontakt i arkivmiljø i fylket

På Konktaktkonferansen vart prisen Årets arkivar Møre og Romsdal delt ut for andre gong. Ellen Eiknes Forland, arkivleiar i Vestnes kommune, vart tildelt prisen Årets arkivar 2018. I etterkant hadde Romsdals budstikke følgjande dekning:

## Kåra til årets arkivar i fylket

I år gjekk prisen til Vestnes kommune.

**VESTNES:** Ellen Eiknes Forland, arkivleiar i Vestnes kommune, vart tildelt prisen «Årets arkivar 2018 Møre og Romsdal» på kontaktkonferansen til Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal tysdag.

– Mange arkivmedarbeidarar hadde vore verdige mottakarar av prisen, men Ellen Eiknes Forland utmerka seg. I nominasjonen vert det trekt fram at ho er dyktig fagleg sett, og ho er også flink til å dele kunnskapen sin med andre. Ellen har god systemforståing. Ho greier difor å sjå

lovverk, praktiske sider av faget og den elektroniske utviklinga i samanheng, heiter det i grunngjevinga.

Det er andre året prisen blir delt ut. Vinnaren fekk ein diplom og ei skål laga av glasblåsar Ingrid Cecilie Ulla.

**GJERMUND KJØPSTAD**  
gjermund.kjopstad@r-b.no



**HEIDRA:** Ellen Eiknes Forland. FOTO: OTTAR ANDRÉ BREIVIK ANDERSON

### 5.3 Høyring

IKAMR leverte ingen høyringsinnspel i 2018, men har deltatt i utarbeiding av «Forslag til endringer i riksarkivarens forskrift § 7-29 om bevaring av pasient- og journalopplysninger».

### 5.4 Open dag

Open dag ved IKAMR i forbindelse med byarrangementet "Kjenn din egen by" 22.04.2018. Besøkande fekk omvising i magasin, presentasjon av digitalisering ved SEDAK og informasjon om Fylkesfotoarkivaren.



Foto: Åsta Vadset, IKAMR.



## 5.5 Arkivdagen 2018

Arkivdagen blir arrangert kvart år og er eit samarbeid mellom arkiv i heile Norden og omfattar alle typar arkivinstitusjonar. Hensikta med Arkivdagen er å vekke interesse for arkiva som samfunnet sitt minne – både for fortid og framtid.

Årets arkivdag ved IKAMR vart arrangert laurdag 10.11.2018. Temaet var "I nyhetens interesse". Personvernombuda Thea Helen Eriksen Rølsåsen og Henrik Gullaker holdt foredrag om dei nye reglane rundt personvern. Andri Jonsson holdt omvisningar i arkiva der publikum fikk meir informasjon om nokon av materialet. Det var ikkje kapasitet til å lage eige utstilling. Vi hadde om lag 30 beøkjande.



# kultur

Tips: 95 400 400 • kultur@smp.no • sentralbord 70 12 00 00

## Musikkafé på Leikanger

Herøy Janitsjar arrangerer musikkafé på Leikanger Grendehus søndag 4. november. Musikalske gjestar er Jøleik Skulemusikkorps.

I pausen mellom musikken blir det sal av kaffi, kaker og smørbrød - og det blir åresal.

• Lørdag 10. november er det åpen dag i Interkommunalt Arkiv

# Nye godbiter til publikum



**BLACK BOX:** Personvernombud Thea Rølsåsen og rådgiver for digitalisering Zane Aboltina i de nye lokalene til IKA Møre og Romsdal. Her foregår digitalisering på høyt teknologisk nivå.

Informasjon om GDPR, omvisning med godbiter i arkivene, slektsforskning og digitaliseringssenter og fotodatabase i nye lokaler.

Dette og mer til står på menyen når Interkommunalt arkiv (IKAMR) i Møre Romsdal åpner dørene for publikum.

Lørdag 10. november er det klart for det årlige arrangementet, der nyansatte får sette stift preg på programmet.

- Vi blir stadig flere, og det er alltid gøy når nye folk kommer inn, med nye blikk på det vi holder på med her, sier rådgiver for private arkiv, Åsta Vadset.

### Personvern

Den åpne dagen er en nordisk markering, og årets tema er « I nyhetens Interesse».

Der går GDPR (General Data Protection Regulation) glatt inn, mener Vadset. Et område mange vet hva er, men også noe mange føler de ikke kan nok om.

- Vi blir utrolig godt mottatt, det er et stort behov for kompetanse hos de ansatte ute i kommunene. Det fine med å ha kommunene som klienter er at de tar regelverket rundt personvern veldig seriøst, sier jurist Thea Rølsåsen, en av to nye personvernombud som i mai

ble ansatt av IKA i Møre og Romsdal for å informere og serve 27 kommuner pluss fylkeskommunen.

Blant oppgavene er å informere og gi råd om det omfattende personvernregelverket, kontrollere at det blir overholdt, melde fra til Datatilsynet ved brudd på personvernstrøm og fungere som kontaktpunkt overfor innbyggerne, forteller Rølsåsen, som reiser rundt i kommunene for å informere.

På den åpne dagen kan publikum spørre om det de har på hjertet. Enten det gjelder netthandel, egne helseopplysninger eller personalopplysninger hos arbeidsgiver, for å nevne noen av mange personvernorråder.

### Lokalt NS-materiale

Rådgiver Andri Jonsson vil ta publikum med rundt i arkivene, der det er mange godbiter for dem som er interessert.

Blant annet en formannskapsprotokoll fra 1903, to kirkeregnskapsbøker, et fra 1648 - så langt det eldste dokumentet i arkivet - og et fra tidlig 1700-tall, etd av handelsmannen Ole Viltberg Vikdal fra Aure.

- I tillegg skal jeg vise en del lokalt NS-materiale, som vi vet det er stor interesse for, sier Andri Jonsson.

KARIN RYKKJE  
kr@smp.no



**OVERLEVDE BYBRANNEN:** På Interkommunalt Arkiv i Ålesund ligger en av få kommunale protokoller som ikke brant opp under bybrannen. Protokollen dekker saker fra 1901-1903. Historiker og rådgiver Andri Jonsson og rådgiver for privatarkiv Åsta Vadset.

## 5.6 Deltaking på kurs/konferansar

Kommunearkivkonferansen (KAI-konferansen) var i 2018 i Tromsø. Konferansen samlar tilsette frå kommunearkivinstitusjonar over heile landet. I tilknytning til konferansen vert det lagt diverse samarbeidsmøte for desse arkivinstitusjonane. IKAMR var på konferansen representert ved Guro Flø, Åsta Vadset, Torbjørn Aasen og Andri Jonsson.

Deltaking på forvaltningsforum – Arkivverket.

Deltaking på nettverksmøte for fylkeskoordinerande ledd for privatarkiv.

Fleire tilsette har gjennomført kurs i Asta.

I samarbeid med IKA Kongsberg, IKA Vest-Agder og Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane arrangerte vi ei samling for alle arkivtilsatte.



# Fortid & notid for framtid

Arkiv og kulturformidling